



Utv. saksnr.	Utval	Møtedato
34/2025	Kommunestyret	24.06.2025

Forslag til høyringsuttale frå Vågå kommune til Handlingsprogram for fylkesveggar i Innlandet 2026-2029

Vedlegg

- 1 Handlingsprogram fylkesveg 2026 - 2029 - Høring
- 2 Handlingsprogram for fylkesveger 2026-29 – høring

Vågå kommune takkar for høve til å gje innspel til høyringsutkastet til Handlingsprogram for fylkesveggar i Innlandet 2026–2029. Kommunen har gjennom fleire år vore aktiv i arbeidet med å peike på viktige tiltak for trafikksikkerheit, beredskap og utvikling i regionen. Vi ser det som positivt at fleire av våre prioriterte tiltak er tekne inn i programmet, men vil samstundes peike på nokre manglar og behov for vidare vurdering.

Kommentarar til innspel frå Vågå kommune

Følgjande tiltak frå Vågå kommune er tekne inn i handlingsprogrammet:

- Bru over Nugga (B10) – Dette er eit heilt sentralt tiltak for å sikre Vågåmo mot flaum og for å betre beredskapen. Vi er glade for at dette er inkludert, og at det er lagt opp til samarbeid med NVE.
- G/S veg Sveaholen – rundkøyring Vågå sør (GS22) – Dette er eit viktig tiltak for trygg skuleveg og for å fremje mjuke trafikantar. At dette er valt som pilotprosjekt for turveg, er positivt.

Følgjande tiltak er ikkje tekne inn i programmet:

- G/S veg Nedre Nordheradsveg – Eit tiltak som er viktig i samband med flaumsikringsprosjektet og den store anleggsverksemda som er venta. Vi ber om at dette vert vurdert for innarbeiding i utrednings- og planleggingsprogrammet eller i neste rullering.
- Skogbygdsvegen – Tiltak for fartsreduksjon og lyssetting er ikkje omtala i utbedringsprogrammet, noko vi ser som ein mangel.
- Ventelommer for buss – Dette er ikkje inkludert i tiltakspakken for trafikksikkerheit på skuleveg, og vi forventar at dette vert konkretisert i vidare planlegging. Busslomma på Kleppelihøgde FV2616 (3435 KV1226 S1D1 m5) består av eit kryss og høgbrekk i vegbana som kan skape trafikkfarlege situasjonar.

- Kryssing av Øvre Nordheradsveg ved Ullinsvin – Dette er ein svært uoversiktleg og farleg kryssingsstad for mjuke trafikantar, særleg med tanke på bustadutbygging i Kvarbergåsen. Vi ber om at dette vert vurdert som eit høgt prioritert trafikksikkerheitstiltak.
- G/S veg Skardå camping – Lemonsjøen alpin – Dette er ein viktig turistveg i tilknytning til eit større felt med fritidsbustader og alpinsenter. Vi ber om at dette vert teke inn i utredningsprogrammet for neste periode som ein av dei prioriterte turvegane. Spesielt med tanke på potensiell auka tungtrafikk visst Valdresflya blir vinter open.

Kommentar til vinteropning av FV51 Valdresflya og FV2640 som beredskapsveg for RV15

FV51 Valdresflya:

Vågå kommune støttar ei oppdatering av moglegheitsstudien frå 2017 for å vurdere vinteropning av FV51. Dette vil kunne styrke beredskapen, næringslivet og reiselivet i regionen. Vi ber om at dette vert prioritert i utredningsprogrammet for 2026–2029, og at det vert sett av midlar til å gjennomføre nødvendige tiltak som fresefelt, kjettingplassar og snuplassar.

FV2640 (Lom – Vågå):

Lom og Vågå kommuner er bekymra for konsekvensane ved at Fylkesveg 2640 Liavegen mellom Vågåmo og Lom sentrum ikkje er teke med i den fylkeskommunale handlingsplanen for 2026-2029.

Strekningen er svært skredutsett, og på grunn av terrenget er vegen på fleire plassar svært smal. Det er mange husstandar som brukar vegen og den er skuleveg med buss for fleire elevar både i retning Lom og retning Vågå.

Det er spesielt strekninga mellom Sagodden – Nyrnesodden vi meiner burde vore rusta opp slik at biler kan møtes og at strekningen rassikres der de største utfordringene er, viser til rapportasje i Fjuken, <https://www.fjuken.no/nyheiter/i/B0KQ5g/ein-frykta-fylkesveg>

Denne vegen har ein viktig funksjon som alternativ rute ved stenging av RV15, noko som har skjedd fleire gonger dei siste åra grunna flaum og ras. Vi ber om at FV2640 vert vurdert som ein del av det strategiske beredskapsvegnettet og at det vert sett av midlar til utbetring og vedlikehald for å sikre framkomelegheit året rundt.

Oppsummering

Vågå kommune meiner at handlingsprogrammet i hovudsak er godt gjennomarbeidd og tek opp mange av dei store utfordringane i fylket. Vi ber likevel om at dei nemnde tiltaka som ikkje er tekne inn, vert vurdert på nytt, og at vinteropning av FV51 og styrking av FV2640 som beredskapsveg vert prioritert i vidare planlegging.

Kommunedirektøren si innstilling:

Kommunestyret si behandling av sak 34/2025 i møte den 24.06.2025:

Behandling

Steinar Aasgaard stilte spørsmål om sin habilitet i saka. Kommunestyre vedtok samrøystes (16 røyster) at Steinar Aasgaard var inhabil og gjekk frå under behandling av saka.

Forslag frå ordføraren:

- FV51 Valdresflya - tilføye i siste setning: I tillegg til parkeringsmoglegheiter langs vegen.

Nytt avsnitt:

Vi ber om at fylket prioriterar kryssing av Øvre Nordheradsvegen, FV 2634 ved Ullinsvin framfor gang og sykkelveg Sveaholen - rundkjøring, i tråd med tidlegare innspel frå kommunen (HTLN 10.09.2024 Samrøystes

Vedtak

Kommunestyret vedtek høyringsuttale frå Vågå kommune til Handlingsprogram for fylkesvegar i Innlandet 2026-2029.

Kommunestyret vedtek høyringsuttale frå Vågå kommune til Handlingsprogram for fylkesvegar i Innlandet 2026-2029.